

SAMARBEID MED KINA –FORPROSJEKT

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet vedtek å starte opp eit forprosjekt i 2011 med mål om å greie ut grunnlaget for ein samla Kinastrategi på Vestlandet.
2. Vestlandsrådet løyver kr 300.000 til forprosjektet.
3. Satsinga føreset tilslutning og løyving frå kvar av dei fire fylkeskommunane til etablering av ei inkubatorordning i Ningbo.
4. Regionale aktørar på Vestlandet vil bli invitert til å delta i eit partnerskap om satsinga.

Prenta vedlegg:

- Rapport “Samarbeid med Kina - forprosjekt”
- Søknad om etablering av ei inkubatorordning frå iPark

Uprenta vedlegg:

- Rapport frå delegasjonsreise til Kina, september 2010

Saksframstilling

Bakgrunn for saka

Denne saka tar utgangspunkt i tidlegare sak til Vestlandsrådet om Kina-satsing, sak 17/10. I møte 22. oktober 2010 vart saka utsett. Slik fylkesrådmannen forstår avgjerla og kommentarar i møte, var det ønskjeleg å legge fram ei ny sak som kvalitetssikra tiltak retta mot ei inkubatorordning i Ningbo samt å legge til grunn ein meir heilskapleg satsing mot Kina.

I denne saka gjer vi framlegg om at det vert etablert eit forsøksprosjekt knytt til samarbeid mellom Kina og Vestlandet. Framlegget er nærare presentert i eigen rapport - "Samarbeid med Kina - forprosjekt" - og som vi meiner samsvarer med tilbakemeldingane frå møte i Vestlandsrådet. Rapporten er lagt ved saka.

Som grunnlag for rapporten har vi m.a. sett nærare på både kva relasjonar og strategiar som finst retta mot Kina både på nasjonalt plan, regionalt plan og særleg sett frå Vestlandet. Basert på denne oversikten ser vi at det vere både naturleg og ønskjeleg både å etablere eit partnerskap mellom sentrale aktørar på Vestlandet som allereie er involvert i Kina, eller har planar om det, og ha eit tett samarbeid med andre regionar/fylkeskommunar som har tilsvarende engasjement, inkludert staten.

Forprosjekt og Vestlandsrådet si rolle

Vi har derfor funne det meste føremålstenleg å gjere ei grundig vurdering av grunnlaget for å etablere ein meir samla Kina-strategi på Vestlandet gjennom eit forprosjekt. I rapporten vurderer vi rolla til Vestlandsrådet å vere tredelt.

- Dels vil rådet gjennom den politiske leiarskapen vere med som dørøpnar for verksemder, institusjonar og offentlege verksemder i arbeidet med å bygge relasjonar i Kina. Vi ser at den politiske dimensjonen og verdien av at sentrale politikarar i regionar og større byar er avgjerande.
- Dels ønskjer rådet også å fungere som koordinator for eit regionalt Kinaforum på Vestlandet,
- I visse høver er det òg naturleg, i tett samråd med fylkeskommunane, næringslivet og institusjonar på Vestlandet, å initiere konkrete tiltak.

I løpet av forprosjektet må ein likevel òg vurdere ein mogeleg "exit" funksjon for Vestlandsrådet. Her må ein m.a. stille spørsmålet om det er naturleg og ønskjeleg at ein meir langsiktig Kina-strategi på Vestlandet skal følgjast opp gjennom Vestlandsrådet, eller er det fylkeskommunane som skal spele hovudrolla her? Nærare om mål, premiss og tiltaksområde er presentert i den vedlagte rapporten

Inkubatorordning i Ningbo

Parallelt med ein meir generell vurdering av potensiale for ein meir samla Kina-strategi, gjer vi her i denne saka òg framlegg om å starte opp ei inkubatorordning i Ningbo. Formålet med ei inkubatorordning i Kina er å være ein dørøpnar for norske gründerar og nystarta verksemder som vil etablere seg i landet. Ein vil ta sikte på å tilby kompetanse og nettverk, i tillegg til administrative tenester og kontorlokale. I tillegg vil ein vere med å legge til rette for ein enkel, rimeleg og sikker inngang til den kinesiske marknaden. Inkubatorverksemder kjem ofte til eit steg i utviklingsprosessen då ein vil vurdere produksjon av dei produkta ein har. For at verksemdene

skal vere konkurransedyktige frå dag ein, kan det vere verdifullt i nokre tilfelle å vurdere produksjon i Kina.

Vi ser føre oss at to verksemder frå kvart fylke blir valt ut på grunnlag av ein grundig prosess i 2011, det vil seie til saman 8 verksemder – eller gründerar. Dette tiltaket må evaluerast etter første året slik at ein eventuelt raskt kan rekruttere nye verksemder allereie i 2012.

Det ligg føre ei skisse i form av ein søknad for korleis denne ordninga kan organiserast og gjennomførast i regi av Ipark. Det må merkast at den løysinga som vart gjort framlegg om i saka som vart lagt fram på møte i Vestlandsrådet 22 oktober 2010, og som var basert på delegasjonsreisa til Kina i september 2010, likevel ikkje blir realisert som først tenkt. Vi kan orientere nærmare om dette i møte i Vestlandsrådet 13 januar 2011. Inkubatorordninga er elles skildra meir utførleg i rapporten.

Framlegget om ei konkret inkubatorordning sikrar ein konkret og rask start på det som kan bli ein meir samla Kina-strategi på Vestlandet. Det er likevel viktig frå fylkesrådmannen si side å presisere at vi må sjå eit arbeid mot auka samarbeid med Kina som ein langsiktig prosess der framlegget om eit forprosjekt er det første steget.

Finansiering

Når det gjeld tiltaket om ei inkubatorordning, gjer fylkesrådmannen framlegg om denne kostnaden vert fordelt på dei fire fylkeskommunane med kr 125.000 kvar. Vestlandsrådet løyver for sin del kr 300.000 til det meir generelle arbeidet med forprosjektet. Midlane her er tenkt til å arrangere arbeidsmøter med den regional partnerskapen og til mogeleg leige av konsulenttenester.

Når 2011 er over må det på grunnlag av forprosjektet takast ei avgjersle om korleis ei meir samla Kina-strategi skal realiserast. Det gjeld naturleg nok både med omsyn til innhald, involvering frå partnerskapen, finansiering og organisering. Dette må gjerast i tett dialog med fylkeskommunane.

Ein kritisk faktor for ei slik satsing er ressursbruken – både reint budsjettmessig og bruk av personalressursar. Vi veit m.a. frå Telemark fylkeskommune sitt fem-årlege samarbeid med Hubei-provinsen at det er mogeleg å oppnå gode resultat m.a. retta mot business-to-business relasjonar, skulesamarbeid, kulturprosjekt (teater), for å nemne nokre område. Men det er samstundes nokså krevjande. Vi veit at Nordland fylkeskommune aleine set av betydelege midlar til si satsing – nærmare kr 5 mill for 2011. Sør-Trøndelag fylkeskommune løyvde kr 1,5 mill i 2010. Dette var midlar til stilling, delegasjonsreiser (10), vertskapsrolla ved besøk frå Kina, mindre prosjekt, kulturutveksling og deltaking på var òg ein del av porteføljen.

Organisering og ansvar

Det betyr at ein i tillegg til bruk av eigne ressursar må vere open for å kunne kjøpe tenester frå partnarar eller relevante aktørar, og at vi kan nytte Innovasjon Noreg sine ressursar meir målretta. I forprosjektet, som vil gå føre seg i all hovudsak i 2011, ser fylkesrådmannen det slik at Rogaland fylkeskommune, som leiar av formannskapet i Vestlandsrådet, vil spele ei koordinerande og leiande rolle òg for Kina-satsinga.

Vestlandsrådet
Saksbehandlar: Trond Ueland
Arkivsaksnr.: 10/41
